

NY LEDER KATHRINE KLEVELAND:

– Vi må snakke mer folkelig om EØS

- Vil bygge alliansar og kunnskap for å skape grunnlaget for å få Norge ut av EØS.
- Vil styrke Nei til EU som medlemsorganisasjon ved å få flere aktive kvinner med.

Sidene 4–5

Bli medlem i Nei til EU!

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (200,-)

Kjerringa mot strømmen

Nei til EU blir ofte kalt en grasrotorganisasjon, det er jeg stolt av. Det er noe staut og jordnært over det. Ikke bare har vi et fantastisk stort flertall i folket i ryggen for fortsatt å holde Norge utenfor EU. Vi har også 24 000 medlemmer på laget. Det er mange det, fra Tana til Lista. Et fortsatt høyt medlemstall bidrar til et sterkt Nei til EU, som er avgjørende for å holde Norge utenfor EU. Vi skal fortsette å være både sterke og synlige!

I sin siste landsmøtetale leste Heming Olaussen diktet *Kjerringa mot strømmen* av André Bjerke. Det innholdsrike og sterke diktet forteller om ei dame som ikke ga opp mot verken tyngdekraft eller strømmer. Hun ga seg ikke og fikk fram budskapet sitt. Selv med et stort flertall i ryggen er vi på mange måter er motstrømbevegelse og kan gjerne være litt Kjerringa mot strømmen: Vi har ikke tenkt å gi oss!

Norge er blitt kalt Annerledeslandet. Nei til EU er overbevist om at det Norge vi er glad i har det best utenfor EU. Globalisering, vekst og liberalisering er ikke løsning på alt. I bærebjelkene til Nei til EU står det blant annet: Den vestlige verden kan ikke fortsette dagens vekstpolitikk, med et stadig økende ressursforbruk og forurensing. Bare ved å prøve ut alternativer til dagens økonomi kan en skape bærekraftig utvikling i verdensmålestokk. Norge må ha handlefrihet til å føre en slik politikk.

Derfor er vi skeptiske til de nye handelsavtalene TTIP og TISA, som det forhandles om nå. Avtalene har felles mål om liberalisering av markeder og økonomisk vekst som det eneste saliggjørende. Begge avtalene har også uttalt mål om at deres standarder på sikt skal gjelde hele verden.

TTIP (transatlantisk handels- og investeringspartnerskap) er en handelsavtale mellom EU og USA der det meste er unntatt offentligheten. Resultatene vil være direkte EØS-relevante. Vi er blant annet bekymret for undergraving av fundamentale helse- og miljøstandarder og at makt flyttes fra folk flest til multinasjonale selskaper og ikke kan flyttes tilbake. I bærebjelkene våre står det også at vi skal selv bestemme over viktige miljøkrav, forbrukervern



AV KATHRINE KLEVELAND

Leder i Nei til EU
kathrine.kleveland@neitileu.no

og vern om folks helse og at disse må gå foran kravet om fri flyt av varer.

TISA er avtalen om internasjonal handel med tjenester med 23 aktører, der EU med sine 28 land er en av aktørene. Avtalen dreier seg i utgangspunktet kun om tjenester, men tjenester berører faktisk 70 prosent av verdiskapingen i EU og berører forhold som tradisjonelt har vært sett på som innenrikspolitik, helse- og sosialtjeneste, utdanningssystem og kulturpolitikk. Hvordan vil konkurranseutsetting og privatisering av nesten alle offentlige tjenester i Norge påvirke oss? Begge avtalene kritiseres for hemmelighet og er svært udemokratiske. Dette dreier seg ikke kun om å fjerne handelshindringer, men vil endre hverdagen til folk flest.

I høst er det kommune- og fylkestingsvalg, og vi skal ivareta eget demokrati. For å nå Nei til EUs mål om å løfte EØS-saken i valgkampen, må vi vise hva EØS betyr i din kommune og for deg som innbygger eller folkevalgt. Vi må vise hvordan den lokalpolitiske hverdagen fargelegges av EØS-avtalen og hvilke muligheter vi har for å kjempe imot. Eksempler kan være kamp mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, eller tvangsliberalisering av eierskap, der det offentlige eierskapet utfordres.

Til slutt vil jeg takke for innsatsen og deltagelsen i jubileumsåret i fjor. Tillitsvalgte, medlemmer og ansatte gjorde en kjempeinnsats for å markere dobbeltjubileet for nei-seieren i 1994, og 200-års jubileet for Grunnloven. En ekstra takk til dere som også deltok i 1972 og 1994. Takk til frontfigurer, idealister, trofaste medlemmer og støttespillere! Det handlet om å sette i gang og holde ut. Noen satset penger, andre ga kunnskap, tid og kreativitet. Takk for timene dere ga med plakatskriving, leserinnlegg, studieringer og diskusjoner, vardebrenning, maling av fjæresteiner og låvevegger. Takk til trofaste medlemmer og støttespillere!

Alt er mulig for kjerringer som vil! Men Kjerringa mot strømmen kommer ikke langt alene. Samarbeid må til og vi trenger hverandre. Jeg ønsker at vi skal bli en sterkere organisasjon, som med stolthet kan jobbe for samholds-Norge, slik Kristen Nygård gjorde uttrykket samholds-Norge mot markeds-Norge kjent. Det er interessant og godt å høre LO-leder Gerd Kristiansen bruke uttrykket og jobbe for samholds-Norge.

Dypest sett handler det om at Norge fortsatt skal være et samfunn med små forskjeller, velferd for alle, demokrati i arbeidslivet, og folkestyre. Jeg vil fortsette å samarbeide og bygge allianser for å nå våre mål i EU- og EØS-kampen!

Postdirektiv og statsbudsjett

Der det er penger å tjene, skal det være konkurranse om tjenestene. Det er EUs utgangspunkt for stadig flere former for offentlige tjenester. Det gjelder også Posten Norge. Da ender det fort med at det er skattebetalerne som må betale de utgiftene som konkurransen påfører samfunnet.

De nærmeste månedene blir det avgjort om det skal koste mer for de store brevsenderne å sende brev til og fra Finnmark enn innen Oslo. Det er EUs tredje postdirektiv kampen står om.

Dette direktivet åpner for full konkurranse om all postombæring, mens dagens postlov gir Posten Norge AS enerett på postombæring av brev som veier under 50 gram. Dette utgjør 90 prosent av hele brevmarkedet i Norge.

EUs tredje postdirektiv ble avvist av et flertall på Stortinget i 2011, og daværende utenriksminister Støre dro til Brussel for å fortelle EU at Norge reserverer seg mot å ta dette direktivet inn i norsk lov.

Dagens regjering vil trekke tilbake denne reservasjonen og forbereder en ny postlov som vil slippe løs full konkurranse om alle posttjenester.

Det er eneretten til å frakte og fordele brev under 50 gram som til nå har finansiert enhetsporto, det at det koster like mye å sende brev innenlands enten de skal kort eller langt.

På postombæring er det bare penger å tjene i Oslo-området og nedover langs Oslofjorden – og kanskje i en håndfull andre større byer. Halvparten av befolkningen i Norge bor innafor en sirkel med radius 12 mil fra Oslo S. Halvparten av postmengden oppstår og omdeles også der.

Innafor denne sirkelen koster det Posten Norge i snitt 4–5 kroner å få fram et brev til en mottaker. Utafor sirkelen er den tilsvarende kostnaden rundt 15 kroner. Det er derfor et frimerke på ti kroner dekker de samlede utgiftene til Posten Norge.

Regjeringen forsikrer at brev mellom hver enkelt av oss fortsatt skal koste det samme overalt. Slippes konkurransen løs, er det næringslivet utafør Oslo-gryta og en håndfull storbyer som rammes. Det blir dyrere for de distriktsbedriftene som har store mengder brev å sende. Det kan føre



Avhengig av eneretten. Dagens postlov gir Posten Norge AS enerett på postombæring av brev som veier under 50 gram. Dette utgjør 90 prosent av hele brevmarkedet i Norge. FOTO: THOMAS KRISTENSEN/CREATIVE COMMONS



AV DAG SEIERSTAD

Varamedlem til styret i Nei til EU
standpunkt@neitileu.no



Det er eneretten til å frakte og fordele brev under 50 gram som til nå har finansiert den såkalte enhetsporto.

DAG SEIERSTAD
Standpunkt 1-2015

til at en del av dem flytter til sentrale strøk eller blir lagt ned. På steder der er en må slåss for å beholde et levedyktig lokalsamfunn, kan en fraflytta bedrift bety at grunnlaget for mye annen virksomhet svikter.

LO-forbundet Postkom har bedt utredningene i Oslo Economics finne ut hvor mye staten må betale for å opprettholde dagens posttjenester hvis EUs tredje postdirektiv blir innført.

I dag bevilges det i overkant en halv milliard kroner over statsbudsjettet for at enhetsporto kan holdes på ti kroner for A-post. Hvis konkurrenter tar over deler av brevmarkedet i sentrale strøk, må bevilgningen fra staten økes mer jo større markedsandeler Posten Norge mister.

Hvis konkurrenter har overtatt 12 prosent av brevmarkedet i sentrale strøk i 2021, vil det påføre Posten Norge et økt underskudd på en halv mil-

liard kroner – viser beregningene til Oslo Economics. Skulle konkurrentene ha overtatt 30 prosent av brevmarkedet i 2021, vil underskuddet øke med én milliard.

Inntektene til Posten Norge vil også synke fordi vi sender stadig færre brev. Denne nedgangen kan i 2021 øke underskuddet med enda et par milliarder.

Regjeringen sier kjekt at disse underskuddene vil bli dekt over statsbudsjettet. Men da blir støtten til Posten Norge del av hvert eneste budsjettforlik på Stortinget i stadig kamp mot alle andre gode formål.

Postverket var i generasjoner en bærebjelke i det norske samfunnsbygget. Tidspunktet for å bryte den ned er ytterst provoserende. Over hele verden arbeides det med å vinne kontroll over markedskrefter som har løpt løpsk. Postleveranser er naturligvis bare en liten bit av denne samfunnsmessige dragkampen. Men også på dette området har vi valget: Vi kan la posttjenester organiseres etter samfunnshensyn som vi på demokratisk vis legger til grunn – eller la konkurransen avgjøre.

Kampen mot EUs tredje postdirektiv kan fortsatt vinnes hvis alle som rammes, kaster seg inn i en felles kampanje for å kreve at Norge opprettholder reservasjonen mot direktivet. Da trengs det en bred allianse av fagforeninger, bedrifter, bondelag og lokale miljøforeninger, partilag og kommunestyre – kort sagt av alle som vil verge lokalsamfunnet sitt fra å smuldre opp ved at posttjenestene blir dyrere og sjeldnere.



Samla landsmøtet. Nei til EU-landsmøtet stilte seg samla bak Kathrine Kleveland som ny leiar i organisasjonen.

KATHRINE KLEVELAND NY LEIAR I NEI TIL EU:

– Eg vil ha folkeleg EØS-argumentasjon

– Eg vil styrke Nei til EU som **medlemsorganisasjon** ved å få fleire aktive kvinner med. Samstundes skal vi bygge alliansar og kunnskap for å få Noreg ut av EØS, seier Kathrine Kleveland, ny leiar i Nei til EU.

I sommar vart det kjent at Heming Olaussen ikkje kom til å ta attval som leiar i Nei til EU. Han gav seg etter ti år. Leitinga var i gang – kven skulle ta over? Kathrine Kleveland fekk raskt vite at ho var føreslått som ein kandidat, men hevdar at ho ikkje tenkte noko særleg på det.



AV EVA MARIE MATHISEN

eva.marie.mathisen@neitileu.no

– Eg tenkte at eg kan jo ikkje meir om EU og EØS enn «folk flest», men at det skadar ikkje å stå på ei liste med fleire kandidatar.

Ho hevdar at ho ikkje tenkte så mykje meir på saka før valkomiteen ringde og ville ha henne inn på intervju.

Meir politisk organisasjon

Etter seks år som leiar i Bygdekvinnelaget, frå 2008 til 2014, hadde Kathrine Kleveland gjort Norges Bygdekvinnelag til ein større og meir politisk organisasjon, der også EU-spørsmålet vart vurdert som viktig for organisasjonen. Bygdekvinnelaget hadde blitt ein stadig sterkare og viktigare alliansepartner for Nei til EU.

– Bygdekvinnelaget vart meir politisk og meir dagsaktuell den tida eg var leiar. Dette gjorde vi for å bli større, og dei yngre medlemmene likte det.

– Vi engasjerte oss i saker som



FOTO: EIVIND FORMOE



Kathrine Kleveland

■ Kathrine er ikkje berre politisk engasjert i Nei til EU. Ho var fyrstekandidat for Senterpartiet i Vestfold ved stortingsvalet i 2013. Så gjorde ho lynkarriere i Senterpartiet og sit no i sentralstyre, er leiar for fylkespartiet og er partiets fyrstekandidat til fylkestingsvalet.

■ Kathrine er utdanna grafisk designar og har eit eige, sovande, firma: Kathrines strek. Ho har tre ungar og bur i bygda Hillestad i Holmestrand kommune. Ho er fødd i 1966.

■ Kathrine har mange år med frivillig arbeid bak seg. Ho er matentusiast og elsker å bake, safte og sylte! Det er derfor ikkje unaturleg at ho er styreleiar i stiftinga Skolematens venner og har vore koordinator i Nettverk for GMO-fri mat og før (2009–2014) og styremedlem i Norges Bondelag (2008–2014). Då ungane var små, arbeidde Kathrine heimanfrå og hadde mange verv i lokalsamfunnet som mellom anna styremedlem i Holmestrand kulturfestival (2003–2005), redaktør for menighetsbladet i Holmestrand (2003–2008), distriktsstyreleder i Amatheia, rådgivinga til gravide (1997–2001).

skulemat og GMO, men også i postdirektivet, som vi meinte ville gå utover distrikta.

Allereie frå den fyrste tida som leiar i Bygdekvinnelaget var Kathrine knytt til Nei til EU – ho sat i landbrukspolitisk nettverk og heldt innleiingar for kvinneutvalet.

– Eg er stolt over innsatsen som vart lagt ned i postdirektivsaka. Det var folkelig motstand som førte til vetoet mot direktivet. Bygdekvinnelaget var her i ein allianse saman med Nei til EU, Postkom, Natur og Ungdom og AUF der alle gjorde sitt for bidra til ein brei kampanje. Bygdekvinnelaget sendte brev til alle ordførarane i landet der vi skreiv at vi var bekymra for distrikta og at det blir dyrare å bu i utkanten. Dette var det viktigaste argumentet for oss.

Ting skjer fort

Kathrine Kleveland hadde altså gjort sitt for Bygdekvinnelaget. Den nettopp avgåtte leiaren i Bygdekvinnelaget hadde ingen spesielle framtidsplanar og søkte på fleire jobbar. Rett før haustferien fekk Kathrine tilbod om



Det er i dag ein debatt internt i organisasjonen om tempoet i EØS-arbeidet, men eg meiner at EØS-kampen er i full gang!

KATHRINE KLEVELAND

Leiar i Nei til EU

stillinga som generalsekretær i Norges Birøkerlag på Kløfta. Ho takka ja til det, men rett etterpå kom ein telefon frå valkomiteen i Nei til EU.

– Ting skjedde utruleg fort. Berre åtte dagar etter at eg hadde vore på intervju for jobben i Birøkerlaget, sat eg og vart grilla av valkomiteen i Nei til EU. Eg var open og ærleg om kva eg kunne og ikkje kunne. Det neste intervjuet var same dagen, og på kvelden fekk eg tilbod om jobben. Det var svært lite gøy å ringje Birøkerlaget, og den situasjonen var verkeleg noko eg ikkje likte. Eg veit at folk har blitt skuffa over det som hende, og det er eg lei meg for, seier Kathrine.

Kvinneleg leiar

I sommar då Heming Olaussen gjorde det kjend at han ville gå av som leiar, uttalte han til Klassekampen at han ønskte at den nye leiaren skulle vera yngre og helst ei kvinne. Korleis kjem vi til å merke at vi no har fått ei kvinne som leiar?

– Eg har stor respekt for den leiarjobben Heming har gjort for Nei til EU. Men med bakgrunn frå ein kvinneorganisasjon, og med så tydelege mål i dokumenta frå landsmøtet og styret om å både verve og mobilisere fleire kvinner til aktiv innsats i Nei til EU, vil eg ha dette som eit klart mål. EU sliter med eigen likestillingspolitikk – sjå berre på bileta frå EU-møta, dei dominerast av dressklede menn. Det er kvinnene som er blant de første taparane når den økonomiske krisa rammar arbeids- og kvardagslivet i EU, seier Kathrine.

– Her heime vil eg løfte viktige forbrukarspørsmål som mattrygghet, som igjen blir aktualisert gjennom forhandlingane om TTIP.

Frisk EØS-debatt

Det har blåse friskt om EØS-spørsmålet og strategien for Nei til EU i EØS-arbeidet på dei siste landsmøta. Korleis vil du jobbe for å få sagt opp EØS-avtalen?

– Eg ser korleis EØS-avtalen stadig

grip meir inn i kvardagen vår ved mellom anna å undergrava velferdsordning og distrikts-Noreg, og at vi på trass av to folkerøystingar mot EU vert tilpassa EU meir og meir. Derfor vil eg seie opp EØS-avtalen og stør kravet om folkerøysting. Samstundes som 81 prosent av medlemmene våre vil seie opp avtalen, så er det førebels eit fleirtal i det norske folket for å halde på EØS-avtalen. Difor trengst alliansar, kunnskapsoppbygging og målretta arbeid. Det er i dag ein debatt internt i organisasjonen om tempoet i EØS-arbeidet, men eg meiner at EØS-kampen er i full gang!

Kathrine legg til at ho respekterer at ikkje alle Nei til EU sine medlemmer er EØS-motstandarar.

– Dei skal vi også ha plass for og ikkje gløyme at namnet på organisasjonen eg leier er Nei til EU. Det vil alltid vere hovudmålet, slår ho fast.

– Nei til EU fortsatt skal vere ein grasrotorganisasjon med breidde.

EØS-arbeid 2015

Det er, som du seier, ein debatt internt om tempoet i EØS-arbeidet og det finst mange utolmodige medlemmer og tillitsvalde. Korleis skal Nei til EU koma nærmare å seie opp EØS-avtalen i 2015?

– Helt konkret har vi vedteke å opprette eit kampanjeutval som skal jobbe vidare med EØS-saka. Her har nestleiar Benedikte Pryneid Hansen med seg handplukka folk frå organisasjonen for å arbeide aktivt og målretta fram mot ei folkerøysting og oppseiing av EØS-avtalen. Utover det, må vi halde fram med å bygge kunnskap og alliansar. Eg oppmodar oss til å snakke enkelt og folkeleggjere argumenta mot EØS-avtalen ved på vise kva avtalen betyr i kvardagen vår.

Sterk og synleg organisasjon

Det er skyhøgt nei-fleirtal på meiningsmålingane, men Nei til EU misser medlemmer. Kva vil du gjere med dette?

– Det stemmer at vi – på linje med mange andre frivillige organisasjonar – har mista medlemmer. Erfaring har vist at for Nei til EU går medlemstalet ned når nei-sida over tid er sterkast på meiningsmålingane og opp igjen når det er ja-fleirtal og utsikter til ny folkerøysting. Det er derfor ikkje så dårleg at vi klarer å halde medlemstalet såpass høgt når det har vore nei-fleirtal så lenge. Samstundes er vi med 24.000 medlemmer ein av landets største grasrotorganisasjonar, det er bra!

Men Kathrine vil sjølvsagt meir:

– I jubileumsåret 2014 gjorde vi oss viktige røynsler som vi skal bygge vidare på slik at vi kan bli ein sterk og synleg organisasjon med engasjerte tillitsvalde. Eg er sjølv glad i å verva og vil prøve å fram som eit godt døme.



Vil kjempe mot EUs postdirektiv. – Vetoet mot EUs postdirektiv må oppretthaldast, og Høyre- og Frp-regjeringa sitt framlegg om å gjennomføre direktivet i ei ny postlov må avvisast, seier Nei til EU-leiar Kathrine Kleve. FOTO: LILL FANNY SÆTHER

POSTLOV VIL INNFØRE POSTDIREKTIVET:

Ny strid om posthøyring

Regjeringa vil trekke tilbake reservasjonen mot **EUs postdirektiv** og har sendt ny postlov på høyring.

EUs postdirektiv, som den raudgrøne regjeringa ville bruke vetoet mot, vil no verte ein del av ei foreslått postlov frå regjeringa. Den nye lova er på høyring med frist 26. januar.

– Regjeringa foreslår full konkurranse på brevpost utan å vite konsekvensane av forslaget sitt. Ein skulle tru at vi levde i Bakvendtland, uttalar Odd Christian Øverland, forbundsleiar i Postkom, LO-forbundet for dei tilsette i posten.

Post- og teletilsynet (PT) har fått i oppdrag å greie ut og kartlegge kva konsekvensar forslaget til ny postlov vil få for brevpostmarknaden i Noreg. Utgreiinga frå PT vil liggje føre tre veker etter at høyringsfristen for den nye lova har gått ut. Postkom, og ei rekke andre høyringsinstansar, krev at høyringsfristen vert forlenga, slik



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

at høyringsinstansane får tilgjenge til den oppdaterte informasjonen før dei uttalar seg.

– Det er bra at regjeringa endeleg forsøker å innhente fakta om konsekvensane av liberaliseringa, men rekkefølga blir heilt galen. Det vanlege og logiske er å føreslå nye lover på bakgrunn av utgreiingar, men i dette tilfellet er det motsett, seier Øverland.

Også Nei til EU har sendt inn høyringsfråsegn, og er kritiske til høyringsfristen: «Nei til EU viser til at Post- og teletilsynet har fått i oppdrag å utrede konsekvensane av forslaget til ny postlov for brevpostmarknedet. Utredningen skal foreligge tre uker etter at høyringsfristen har gått ut. Dette er en bakvendt rekkefølge. Det naturlige ville være at denne utredningen inngikk som del av grunnlaget for høyring om postloven.»

– Må halde på vetoet

I januar sa styret i Nei til EU eit klart nei til dyrare og dårlegare posttilbod med EUs postdirektiv.

– Vetoet mot EUs postdirektiv må oppretthaldast, og Høyre- og Frp-regjeringa sitt framlegg om å gjennomføre direktivet i ei ny postlov må avvisast, seier Nei til EU-leiar Kathrine Kleve-land.

– Det å ha gode posttenester er ein viktig del av infrastrukturen i eit land der det er eit uttala mål at det skal vere mogleg å arbeide og bu i heile landet. Disse tenestene er truga av EUs tredje postdirektiv. Heile samfunnet vil tape på direktivet, men spesielt næringslivet og alle dei som bur ute i distrikta. Liberaliseringa som EU og regjeringa legg opp til med framlegget til ny postlov, legger, vil gje oss dyrare og dårlegare posttenester.

Får du dyrare eller billigare porto?



Fri konkurranse på all post

50_g



■ Opnar for konkurranse for brev under 50 gram.

Trugar same porto i heile landet



■ Einskapsportoer har vorte finansiert av Posten sin einerrett på brev under 50 gram.
■ Inntektene frå dei delane av landet der det er billigast å frakte og fordele brev har betalt for tenestene der det er dyrare.

90%

■ Auke for eit 20 gramsbrev i Sverige første tiåret etter dereguleringa. Inflasjonen same tiåret var på 14 prosent.

Billegare med konkurranse?



■ Sverige fjerna postmonopolet fullstendig i 1993.
■ Portoer gjekk ned for store bedriftskundar, men opp for folk flest.



Les meir om EUs tredje postdirektiv på neitileu.no eller postkom.no

Slutt på laurdagspost



■ Dagens regelverk krev postomdeling seks dagar i veka.



■ Regjeringa sitt forslag reduserer postomdelinga til fem dagar i veka.

Kan koste ein milliard

Kostnadane for staten kan verte høge dersom regjeringa sitt framlegg om full konkurranse på posttenester vert innført. Utrekningar frå Oslo Economics viser at ekstrakostnadane for staten kan bli opptil ein milliard i året. (Sjå også eigen artikkel på side 3.) I tillegg reknar dei med at prisene for posttenester blir meir differensiert enn i dag.

– Vi har no fått dokumentert påstandane våre om at EUs tredje postdirektiv vil føre til dyrare og dårlegare posttenester, for folk flest og næringsliv utanfor dei store byane, uttalar Odd Christian Øverland.

– Eitt av paradoksa som rapporten peiker på, er at desto meir konkurranse ein får, desto større blir utgiftene til ulønsame posttenester som staten må betale. Framlegget til ny postlov er ikkje noko anna enn ei skattebetalt li-

beralisering, som alle taper på bortsett frå konkurrentane til Posten som kan skumme fløyten av marknaden.

Dårlegare erfaringar

Nei til EU-leiar Kathrine Klevealand peiker på at erfaringane frå land der postmarknaden har vorte liberalisert, ikkje talar for frislepp også i Noreg.

– Erfaringar frå til dømes Danmark viser at det å liberalisere postmarknaden ikkje fører til betringar. Danskane slit med å oppretthalde servicenivået og kvaliteten på tenestene. Vi kan ikkje sjå nokon grunn til å gjennomføre dette også i Noreg, seier Klevealand.

– Erfaringar frå Tyskland og Nederland viser i tillegg at gode postarbeidsplassar med ordna tariff-tilhøve har vorte sterkt råka av sosial dumping etter liberalisering.



Odd Christian Øverland

Uakseptabel forskjellsbehandling

I høyringssvaret peiker Nei til EU på at framlegget frå regjeringa vil få fleire negative følgje for det norske samfunnet. «Postombæringa på lørdager fjernes, det rammer distribusjonen av aviser og gir innbyggerne en dårligere tjeneste enn i dag. Det innføres en konkurransemodell om all brevpost som erfaring tilsier vil gjøre det billigere å sende brev for bedrifter på det sentale Østlandsområdet enn til og fra resten av landet. Det vil være en uakseptabel forskjellsbehandling. Næringsliv og befolkning må sikres gode og likeverdige posttjenester over hele landet. Nei til EU ber derfor om at den foreslåtte postloven med forskrift ikke gjennomføres.»

Posttilsette vert ramma



■ Arbeidsmengda aukar.



■ Meir ubekvem arbeidstid.
■ Meir skiftarbeid.



■ Meir bruk av deltid.
■ Meir bruk av korttidskontrakter og utleigefirma.
■ Ansatte med tariffavtale og pensjonsordning erstattes av kontraktørar.



■ Utan sjukelønnsordning.



TTIP aukar utsleppa. – EU-kommisjonen sjølv reknar med at avtalen vil tilføre om lag 11 millionar tonn CO₂, som følgje av meir transport, industri og produksjon, seier Arnstein Vestre, leiar i Natur og Ungdom. FOTO: NU

HANDELSAVTALEN TTIP MELLOM EU OG USA:

– Ingen avtale utan miljøomsyn

Forhandlingane mellom EU og USA om **frihandelsavtalen TTIP** står i stampe, og stadig fleire blir kritiske til avtalen.

Arnstein Vestre, leiar i Natur og Ungdom, meiner TTIP-avtalen vil føre til auka CO₂-utslepp.

– Natur og Ungdom krev at Noreg set ned foten mot TTIP, som er ein frihandelsavtale mellom EU og USA som vil føre til auka CO₂-utslepp og hindre miljøreguleringar som folkevalde politikarar ønskjer å innføre, seier han.

Landsstyret i Natur og Ungdom vedtok ei fråsegn mot TTIP-avtalen 11. januar. Frihandelsavtalen Transatlantic Trade and Investment Partnership (TTIP) vert no forhandla mellom EU og USA. Målet med avtalen er å fjerne handelsbarrierar på varer og tenester mellom EU og USA.

– Avtalen vert forhandla under strengt hemmelegald, men på grunn av lekkasjar veit vi at avtalen svært sannsynleg kjem til å hindre naudsyn-



TTIP-avtalen

- Transatlantic Trade and Investment Partnership.
- EU og USA utgjer til saman halvparten av verdsøkonomien.
- TTIP skal etablere ein transatlantisk indre marknad, med fri handel og like reglar.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

te miljøreguleringar og føre til auka frihandel. TTIP vil også påverke Noreg gjennom EØS-avtalen, utan at vi vert inkluderte i forhandlingsprosessen, seier Vestre.

Auka utslepp med TTIP

EU-kommisjonen sjølv reknar med at avtalen vil tilføre om lag 11 millionar tonn CO₂, som følgje av meir transport, industri og produksjon.

– Kommisjonen si eiga konsekvensutgreiing seier også at auken i produksjonen vil skape farlege problem for både naturressursar og vern av biologisk mangfald, fortel Vestre.

– Avtalen ønskjer å samkøyre miljøstandardane mellom USA og EU/EØS, noko som heller vil føre til lågare miljøstandardar i EU enn høgre standardar i USA. Eit av dei sentrale elementa i avtalen er å fjerne føre var-prinsippet,

som USA anerkjenner i enda mindre grad enn EU.

Avtalen kan også komme til å harmonisere reglar om drivstoffeksport, noko som vil gjere det vanskelegare å hindre storstilt handel av skifergass.

– Noreg må seie nei til eventuelle norske tilpassingar til TTIP.

Vern av investorar

Den sterkaste kritikken mot avtalen har gått på at investorar skal kunne saksøke statar om dei innfører lover og reglar som kan skade den framtidige profitten til selskapet. Eit internasjonalt tvistepanel med tre handelsjuristar vil då, i lukka rom, avgjere om nasjonale reglar er handelshindrande eller ikkje.

– Dette vil lamme statar frå å kome med strenge miljøreguleringar og er eit alvorlig åtak på demokratiet. Tyskland blei saksøkt av Vattenfall i 2011 for å fase ut kjernekraft, gjennom ein tilsvarande avtale. Gjennom TTIP vil multinasjonale selskap på grunn av sine økonomiske interesser kunne hindre miljøtiltak dei folkevalde ønskjer å gjennomføre.

– Natur og Ungdom krev at norske styresmakter må bruke all si makt som ein stor handelspartner til EU og USA for å hindre at TTIP blir ein realitet. Avtalen vil gjere det enda vanskelegare å stanse dei menneskeskapte klimændringane. Vi kan ikkje akseptere at miljøreglar vert svekte for å auke handelen, seier Arnstein Vestre.

ET ALTERNATIV TIL EØS-AVTALEN:

Frihandelsavtalen mellom EU og Sveits

Hvis Norge velger å **si opp EØS-avtalen**, er en ikke usannsynlig utgang et handelsregime som det vi ser mellom Sveits og EU.

Vi kan ikke uten videre legge til grunn at EU ønsker å få med Norge på linje med Sveits i en sterkt utbygget frihandelsløsning. Svaret på dette spørsmål ligger i fremtidens mørke. Men EU har en sterk underdekning av egenprodusert fisk og olje/gass som i stor grad blir dekket av import fra Norge. Norges posisjon for leveranse av fersk sjømat og olje/gass gjennom rørledninger, gjør at EU er minst like avhengig av Norge som Norge er av EU. Det taler for en sterk interesse fra begge parter for å utvikle frihandel.

Siden forholdet til Sveits er vel gjennomregulert av frihandelsavtalen (1972) og de 18 underavtaler, så er et eventuelt arbeid med å få i stand tilsvarende ordninger for Norge ikke spesielt krevende. Og til den innvending som Paal Frisvold – Europabevegelsens tidligere leder i Norge – fremhever om at «det er lite sannsynlig at EU vil gå med på å opprette en egen tilsynsordning for EØS-landene ved siden av EU» (Dagens Næringsliv 2.8.14), er følgende å si: En frihandelsløsning a la Sveits eksisterer allerede. Dersom Norge, Island og Liechtenstein trer ut av EØS, vil dette følgelig være plattformen som EU og EFTA-landene vil måtte falle tilbake på. Alle «Felleskomiteer» vil enkelt kunne omdannes til en EU-EFTA-komite med det samme ansvarsområde som tidligere. Eneste forskjell blir da at EFTA-landene må bli enige om sitt felles syn før de møter i komiteen. For EU blir situasjonen nøyaktig som tidligere. Dette er ikke urealistisk.

Partene er likestilt

Strukturen i samarbeidet mellom EU og Sveits er at forholdet reguleres gjennom bilaterale, mellomfolkelige avtaler. Det vil si en form for regulering som baserer seg på partenes likestilling. EU eller EU-retten har ingen forrang eller overvekt av stemmer



Sveits og EU. Den sveitsiske presidenten Didier Burkhalter ønsket Federica Mogherini, visepresident i EU-kommisjonen, velkommen til Basel i desember.

FOTO: EU

ved avgjørelser etter avtalen. Der det er opprettet felleskomiteer gjelder at avgjørelsen treffes ved enstemmighet. Ved tvistemål og avgjørelser som henvises til voldgift gjelder også at hver av partene utnevner en dommer hver, og at formannen i retten velges av de to oppnevnte i fellesskap, eller ved uenighet ved at Den internasjonale domstol i Haag utpeker vedkommende.

Sveits kan nedlegge veto mot innføring av nye EU-forordninger og direktiver, og at endringer av traktatene ikke kan skje uten at Sveits godkjenner dette i sine besluttede organer. Det betyr videre at utgangspunktet er at EU-rettsens regler ikke har direkte virkning i Sveits, verken for staten eller for enkeltindivider. For at så skal skje må reglene transformeres og vedtas i sveitsiske, nasjonale organer for lovgivning.

Nasjonal lovgivningskompetanse

Med mindre annet er sagt i noen av de 18 avtalene mellom EU og Sveits består nasjonal lovgivningskompetanse innen handelsavtalens rammer, så fremt og så langt det ikke medfører diskriminering på grunnlag av nasjonalitet.

For «fri flyt av personer» har partene avtalt at forholdet skal reguleres av EU-reglene. Slik også i Luftfartsavtalen. Det vil si at en her opererer med en



Vett 1-2015

Artikkelen er hentet fra VETT nr. 1-2015, og bygger på rapporten *Et frihandelsrettslig alternativ til EØS* (Universitetet i Tromsø 2014). Teksten er forkortet.



AV PETER ØREBEK

Professor i rettsvitenskap UiT

OG TORBJØRN TRONDSSEN

Professor i markedsføring UiT

harmonisert rettsorden mellom Sveits og EU.

Endringer som EU gjør i sitt regelverk, og som etter avtalene mellom Sveits og EU er ment å skulle gjelde også i Sveits, fremlegges for sveitsiske eksperter på lik linje med EU-eksperter, som således har full adgang til å komme med innsigelser og forslag om endringer.

Nye domsavsigelser og vedtak som er avgitt etter signaturdatoen for avtalen (21. juni 1999) gjelder ikke for Sveits selv på områder som er harmoniserte. De nye regler eller domsavsigelser skal kommuniseres til Sveits som deretter avgjør om endringer eller domstolskapt rett skal transformeres til sveitsisk rett.

I de fleste delavtaler er det ikke avtalt harmonisert lovgivning, men nasjonalt regelverk som godkjennes i henhold til samsvarsvurderinger, det vil si at både EU og Sveits skal fortsatt operere med egne regler.

Det gjelder en unilateral adgang til å tre ut av avtalen, altså annerledes enn den som gjelder når for eksempel et EU-land vil tre ut av Den europeiske union der det krever enstemmighet mellom alle medlemsland. Den konkrete EU-Sveits-avtalen opphører da enten etter 6 eller 12 måneder.

VIKTIGE EØS-FORHANDLINGAR OM LANDBRUK:

Mykje på spel for norsk landbruk

Snart startar nye forhandlingar med EU om **handel med landbruksvarer**. Det kan få store konsekvensar for norsk landbruk.

— Dette dreier seg om moglegheitsrommet for å produsere mat til eige folk. Alle land har rett og plikt til å produsere mat til innanlands forbruk. Større import frå EU vil vere ei stor utfordring for bønder og næringsmiddelindustri. Difor er dette ei topp prioritert sak for Norges Bondelag i år.

Det seier nestleiar i Norges Bondelag, Kristin Ianssen. Ho er sjølv svineprodusent i Østfold og tidlegare leiar i Norsvin. I styret har ho ansvar for internasjonale spørsmål.

Ny forhandlingsrunde i februar

Regjeringa har varsla at det i byrjinga av februar startar ei ny forhandlingsrunde mellom Noreg og EU under artikkel 19 i EØS-avtala. Landbruket er i utgangspunktet utanfor EØS-avtala, men i artikkel 19 står det at EU og Noreg skal møtast med to års mellomrom for å «gjennomgå vilkåra for handelen med landbruksvarer». Det står i artikkelen at partane skal jobbe mot ei gradvis liberalisering av handelen, men samtidig står det at reduksjonane i handelshinder skal skje på gjensidig fordelaktig basis og innanfor rammene for landa sin eigen landbrukspolitik.

— Det vil seie at vi ikkje er forplikta til å gi EU nye kvotar eller tollreduksjonane i dei komande forhandlingane, seier Ianssen.

Fryktar ostetollen kan bli nulla ut

Ho stolar likevel ikkje på at regjeringa vil late vere å gi konsesjonar til EU.

— Signala så langt har ikkje vore så gode. Det verkar som om Helgesen er veldig ivrig etter å skape eit godt forhold til EU uansett om det er i strid med norske interesser. Det er ingen god start på forhandlingane å reise til Brussel og seie at ein har sympati med EUs frustrasjon over ostetollen, seier



Regjeringa må ikkje gje etter. – Eg forventar at regjeringa kjempar for norske arbeidsplassar og norsk matproduksjon, seier Kristin Ianssen frå Norges Bondelag. FOTO: NORGES BONDELAG



Artikkel 19 i EØS-avtala

- Omhandlar handel med landbruksvarer som ost, kjøt og grønnsaker.
 - Landbruket er ikkje ein del av den frie vafelyten i EØS.
 - Auka import av sentrale produkt som mjølk og kjøt undergrev produksjon og busetjing over heile landet
 - Noreg importerer allereie 60 prosent av maten. Nærare 70 prosent kjem frå EU.
 - Handelen med EU er ubalansert (1–9 i EUs favør).
- KJELDE: NORGES BONDELAG



AV HILDEGUNN GJENGEDAL

hildegunn@netscape.net

Ianssen.

Då den førre regjeringa endra tollene på nokre få kjøt- og osteprodukt frå å rekne den i kroner til å rekne i prosent, skapte dette misnøye i EU. Dette trass i at Noreg hadde full rett til å gjere dette grepet gjennom avtala i Verdas Handelsorganisasjon (WTO). Høgre og Frp var imot endringa, og Helgesen nytta fyrste høvet i Brussel til å uttrykke dette. Men han fekk ikkje med seg Stortinget på å reversere endringa, og dermed står ostetollen enno.

— Ostetollen er ei WTO-sak, ikkje EØS. Men gir regjeringa store konsesjonar til EU gjennom artikkel 19-forhandlingane, kan det undergrave gevinsten ved ostetollen, seier Ianssen. Ho peiker på at ostetollen var heilt avgjerande for å kunne auke prisen på norsk mjølk i takt med kostnadsauke, samstundes som mangfaldet av ost til forbrukarane er oppretthalde.

Forventar regjeringa kjempar

Men Kristin Ianssen gir gjerne Helgesen og resten av regjeringa ein sjanse til å vise at dei vil stå på barrikadane for norske interesser.

— Eg forventar at regjeringa kjempar for norske arbeidsplassar og norsk matproduksjon. EU er beinharde forhand-

larar og kjempar for sine interesser. Det må også vi gjere. EU har allereie gode eksportmoglegheiter inn til Noreg. Vi importerer nesten 60 prosent av maten vi et, nærare 70 prosent av dette kjem frå EU. Det har vore ein enorm auke i importen frå EU sidan EØS-avtala vart inngått, medan vår eksport har stått på staden kvil. Det er ingen grunn til å gi auka konsesjonar til EU i desse forhandlingane, seier Ianssen.

Landbruksminister Sylvi Listhaug har utfordra norsk landbruk og næringsmiddelindustri til å satse meir på eksport. Ianssen har lita tru på at det skal vera redninga for norsk landbruk.

— Vi ser jo at vi ikkje ein gong klarer å fylle dei gjensidige kvotane vi framforhandla under førre runde i artikkel 19-forhandlingane. Heile vår landbruksmodell er bygd opp rundt produksjon for vårt eige folk. Fordi vi står utanfor EU har vi kunna velja vår eigen landbruksmodell. Vi har valt å produsere kvalitet og ikkje teke snarveg. Produksjonen er tilpassa norske naturgjevne forhold og norsk kostnadsnivå. Vi kan sikkert finne nokre kvalitetsprodukt som kan eksporterast, men det vil ikkje bli store volum. Og kva marknad er meir betalingsvillig enn det norske? Vi byter ikkje eksport mot import når vi har underskot i marknaden, resonnerer Ianssen.

Kunnskap og engasjement

Norges Bondelag har prioritert saka høgt opp og prøver å spreie kunnskap og engasjement for saka både hjå folk flest, media og avgjerdstakarar.

— Stortinget vil verta viktigare i denne forhandlingsrunda enn tidlegare rundar, sidan regjeringa er i mindretal. Difor må vi nytte høve til å skulere stortingspolitikarane. Eit samla storting har vedteke eit ynskje om auka norsk matproduksjon. Då er tollvernet sjølve berebjelken. Gir ein store innrømmingar til EU, vil dette kunne slå rett inn i dei viktigaste norske produksjonane som kjøt og mjølk, dermed vil Stortinget undergrave sine eigne politiske mål, seier Ianssen.

Ho oppmodar Nei til EU-medlemmene til å spreie informasjon og bygge kunnskap om artikkel 19-forhandlingane.

— Vi sa nei til EU i 1994, og landbruket vart halde utanfor EØS. Det må også vise igjen i desse forhandlingane. Gir vi store innrømmingar til EU kan det få store konsekvensar for norsk landbruk, norske bygder og tilgangen på eit norsk matmangfald som norske forbrukarar vil ha. Dette er ein kamp for framtida for norske bygder som vi ikkje vann ein gong for alle i 1994, seier ein kampklar Kristin Ianssen.

EU-KRATI

av Jørgen Blitsch



DAG SEIERSTAD-STIPENDET FOR 2014:

Lampedusa-tragedien og europeisk identitet

Dag Seierstad-stipendet er tildelt Marina Popovic for masteroppgaven «Commemorating Europe – a critical analysis. The case study of Lampedusa», som hun skriver ved Institutt for historiske studier ved NTNU i Trondheim. Stipendet er på 20 000 kr.

Dette er andre gang stipendet tildeles. Det utlyses årlig av Nei til EU for å stimulere til faglig sterke, kritiske masteroppgaver om EU og Norges forhold til EU.

Opgaven tar utgangspunkt i båthavariet i oktober 2013 utenfor Lampedusa der over 300 flyktninger omkom. Det er anslått at over 20 000 mennesker har mistet livet på vei over Middelhavet siden 1993. I dagene etter ulykken uttrykte EU sin sorg over tragedien og utlyste symbolsk «post-mortem» europeisk statsborgerskap til ofrene av ulykken. Samtidig krevde italiensk lovverk at de overlevende skulle bøtelegges for illegal immigrasjon og sendes ut av landet. De overlevende var ikke invitert til å være med i de offisielle minnesmarkeringene.

I sin oppgave ønsker Popovic å vise hvordan offentlige ritualer er sterke




Seierstad-stipendet

- Neste søknadsfrist er 1. september 2015.
- Alle studenter som arbeider med en relevant masteroppgave kan søke.
- Mer informasjon om stipendet: www.neitileu.no/stipend



AV MORTEN HARPER

morten.harper@neitileu.no



Marina Popovic

normbærere og et politisk maktverktøy. Siden 70-tallet har EU lagt større vekt på sin kulturelle identitet, blant annet med europeisk borgerskap.

– Min oppgave tar høyde for å vise hvordan det er et misforhold mellom de kulturelle ytringene til EU i form av gester, taler og ritualer som promoterer et humanistisk ståsted, og unionens faktiske immigrasjonspolitik, som er høyt ekskluderende og i høy grad kriminaliserer mennesker på flukt, forklarer stipendmottager Popovic om prosjektet.

Juryleder Benedikte Pryneid Han-

sen sier dette om årets tildeling:

– Marina Popovic presenterer et spennende masterprosjekt som kobler EUs flyktning- og asylpolitikk med EUs egne historier og representasjoner av en humanistisk union. Hun spør hvilken plass båtflyktningene får i byggingen av en felles europeisk identitet, og bruker markeringene etter Lampedusa-tragedien i fjor som case. Oppgaven vil ta for seg hvordan historiefortelling og identitetsbygging også handler om maktfordeling: Hvem sin historie er inkludert, og hvem sin historie kommer ikke med. Immigrasjons- og asylpolitikk er et kompleks felt hvor det er bruk for ny kunnskap og en innsiktsfull debatt. Norge er en del av EUs felles asylpolitikk og har et ansvar for at temaet løftes fram.

Stipendet er oppkalt etter Nei til EUs utreder gjennom mange år og nei-sidens fremste kunnskapsleverandør Dag Seierstad. Jury for stipendet er Dag Seierstad, Benedikte Pryneid Hansen (nestleder Nei til EU), Morten Harper (utredningsleder Nei til EU) og Simen Knutssøn (leder Studenter mot EU).



1.



3.



2.



4.



5.



6.

20 ÅR SIDAN 28. NOVEMBER 1994:

Historisk jubileumsveke

Nei til EU feira **20-årsjubileet for folkerøystinga** i 1994 med jubileumsbok, seminar, fest og landsmøte. Her kan du sjå bileta!

1 Heming Olaussen i samtale med tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik på Nei til EUs jubileumsseminar.

2 Helen Campbell, EUs ambassadør til Noreg innleidde på jubileumsseminaret om EU sitt arbeid for utvikling i sør og

globale miljøutfordringar.

3 Sosialistisk kor song «Vi sei nei, nei, nei!» under jubileumsfesten på Sentrum Scene. Festen samla over 500 unge og gamle EU-motstandarar.

4 Søstrene Guri og Sigrid Sørungård

Botheim hadde sitt eige framlegg til utforming av nye pengesetlar.

5 Heming Olaussen i diskusjon med EU-minister Vidar Helgesen, som var gjest på landsmøtet til Nei til EU.

6 Paneldebatt på Nei til EU sitt

jubileumsseminar.

7 Anne Enger vart kåra til heidersmedlem på jubileumsfesten. Anne heldt ei svært rørende takketal og ikkje eit auge vart tørt.

8 Under landsmøtemiddagen vart Heming takka av fylkeslaga, som had-

de laga denne flotte gåva til han.

9 Jubileumsfesten viste nye sider ved fleire av våre kjende nei-politikarar. Her syng nestleiar i Senterpartiet, Anne Beathe Tvinneim, samba på nynorsk. Dei brasilianske samba-klassikarane



7.



8.



9.



10.



11.

var eminent omsett av Sindre Sortland, som spelte gitar og song med.

10. Takk til tidlegare Nei til EU-leiarar.

Heming Olaussen, Sigbjørn Gjelsvik og Lisbeth Holand er tre av dei fem leiarane Nei til EU har hatt før Kathrine

Kleveland no tok over. Stein Ørnhøy var ikkje til stades då biletet vart teke. Kristen Nygaard, som gjekk bort i

2002, var sakna på jubileumsfesten.

11. Edvard Hoem var ei overrasking på programmet under jubileumsfesten.

Han las eit dikt han skreiv i 1994.
ALLE FOTO: TORI AARSETH, EIVIND FORMOE OG SINDRE HUMBERSET



Aktivisten

Standpunkt vil bli bedre kjent med aktivister og tillitsvalgte i organisasjonen.



Navn?

■ Per Kristian Dotterud

Bosted?

■ Steinkjer

Alder?

■ 53 år

Verv i Nei til EU?

■ Fylkesleder i Nord-Trøndelag

Yrke?

■ Avdelingsleder

Når og hvorfor meldte du deg inn?

■ Medlem siden 2010. Jeg meldte meg inn i Nei til EU fordi Nei til EU er en viktig organisasjon for både å holde Norge utenfor et EU-medlemskap og for å arbeide mot at Norge skal bli et EU-likte samfunn og tilpasse oss de liberale markedskreftene som følger av en EØS-avtale.

Hva er den største utfordringen for Nei til EU nå?

■ Den største utfordringen er å stå opp for et reelt demokrati i Norge i lys av EØS-avtalens demokratiunderskudd. Organisatorisk er den største utfordringen nyrekruttering og fornyelse.

Hvordan kan Nei til EU nå bredere ut?

■ Vi må bli flinkere til alliansebygging med EU-/EØS-kritiske organisasjoner; fagbevegelsen, primærnæringen, miljøbevegelsen og ungdomsorganisasjoner.

Eksempel på vellykket Nei til EU-arbeid?

■ Vanligvis greit å få leserinnlegg inn i media. I tillegg var det en bra opplevelse å møte nye og gamle aktivister på jubileet for folkeavstemningen i 1994 i Nord-Trøndelag.

PUBLIKASJONER FRA NEI TIL EU

Hvor går EU? – 225 kr (medlemspris)



HVOR GÅR EU?
Får vi Euroens forente stater eller kan utviklingen snus til et nasjonenes Europa?

Eurokrisen har spisset motsetningene i EU. Får vi Euroens forente stater eller kan utviklingen snus til et nasjonenes Europa? Nei til EUs årbok 2014 beskriver utviklingstrekkene og konfliktlinjene i EU, og går inn i debatten om alternativene til dagens union. 128 sider.

Alternativet til EØS er en fornyet handelsavtale 50 kr



Det finnes ikke belegg for at EØS-avtalen har vært viktig for den økonomiske utviklingen i Norge de siste tyve årene, eller at Norge må ha EØS-avtalen for å sikre våre økonomiske interesser. EU har uansett åpenbar interesse av å handle med Norge. Det er

fullt mulig og lovlig å si opp EØS-avtalen. Det vil skape en situasjon for forhandlinger med EU om en ny handelsavtale. En avtale som må være uten det demokratiske underskuddet skapt av EØS. Skriftserien VETT nr 1 2015 beskriver hovedstolpene i den nye handelsavtalen. 48 sider i farger.

Handel med høy pris – 50 kr



TTIP – Transatlantisk handels- og investeringspartnerskap. Det er det kryptiske navnet på avtalen EU og USA nå forhandler om. Nei til EUs skriftserie VETT nr. 4 2014 undersøker kostnadene ved en ny handelsavtale mellom USA og EU, og hva TTIP-avtalen kan bety for Norge.

Heftet belyser også den foreslåtte TISA-avtalen om internasjonal handel med tjenester. 64 sider.

Truer EU velferdsstaten? – 50 kr



Nei til EUs skriftserie VETT nr. 3 2014 undersøker hva EØS-avtalen betyr for den norske velferdsmodellen. Tåler velferdsordningene uregulert arbeidsinnvandring og universelle trygderettigheter? 64 sider.

Ferske faktaark

- 6-2014: Finanstilsyn i EØS
- 5-2014: Forskjellene på EØS og EU-medlemskap
- 4-2014: Differensiert arbeidsgiveravgift

Last ned fra Nei til EUs nettsider:
www.neitileu.no/kunnskapsbank



NEI TIL EUS JUBILEUMSBOK:

– Viser innsatsen som sikra nei-et

– Eit hovudpoeng i boka er å vise den enorme innsatsen og oppbygginga av organisasjonen gjennom fire år fram til folkerøystinga, sa **Dag Seierstad** på lanseringa av jubileumsboka «Folket sa nei».

